

Uttale til Landskonferansen for fylkeskommunale eldreråd 2015 vedr ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar.

Det er, av ulike årsaker, ingen fylkeskommune som ser seg i stand til å stå som arrangør/vertskap for ein landskonferanse for fylkeseldreråd i 2016. Det er heller ikkje noko offentleg organ som i dag tek eit overordna ansvar for koordinering og planlegging av landskonferansane. Statens seniorråd har tidlegare hatt ei aktiv rolle i høve til dette, men ser ikkje på dette som sitt formelle ansvar i dag.

Fylkeseldreråda i Rogaland, Hordaland og Sogn og Fjordane har drøfta situasjonen på sin Vestlandskonferanse 28.-29. april 2015 og er samde om å be Landskonferansen 2015 drøfte og avklare følgjande:


1. Om det fortsatt er slik at ingen fylke kan arrangere landskonferanse i 2016.
2. Korleis sikre eit overordna ansvar for koordinering, planlegging og gjennomføring av framtidige landskonferansar.
3. Om Landskonferanse for fylkeseldreråd bør haldast 2.kvart år, med neste konferanse i 2017.
4. Om fylkeseldrerådsleiarane i dei tre siste arrangørfylka skal utgjere ei styringsgruppe for Landskonferansane.

Lofthus i Hardanger, 29. april 2015




Margot Bertheussen
Leiar

Fylkeseldrerådet i Hordaland



Eivind Skjerven
Leiar

Fylkeseldrerådet i Sogn og Fjordane



Sven Hove
Leiar

Fylkeseldrerådet i Rogaland

Kopi : Alle fylkeseldreråd i Noreg